



MERKNADER TIL LOKAL FORSKRIFT OM BRUK AV OG ORDEN I HAMNER OG FARVATN I STRANDA KOMMUNE, MØRE OG ROMSDAL

Stranda Kommune har gitt Stranda Hamnevesen KF fullmakt til drift og forvaltning av sjøområdet i kommunen i medhald av lov om hamner og farvatn, jf. lov 17. april 2009 nr. 19, § 10. KOM 131/09 vedtak samrøystes 17.12 2009.

Kontakt: Hamnesjef Rita Berstad Maraak, telf. + 47 46 41 11 13
hamnevesenet@stranda.kommune.no

Driftssjef Inge Hole, telf. + 47 46 41 11 31
hamnevesenet@stranda.kommune.no

Besøksadresse: 6216 Geiranger
Postadresse: Øyna 13, 6201 Stranda

Merknad til § 3

1. Stranda Hamnevesen KF sine hamneareal og hamneanlegg skal ikkje utan løyve brukast til:
 - verksemd som fell utanom hamna sine normale aktivitetar
 - handel, produksjon, auksjonar, omsetjingsverksemd, lagring av varer
 - friluftssarrangement og liknande som opptek stor plass eller medfører samanstimling av menneske.

Merknad til § 4

2. Fartøy og gjenstandar må sikrast slik at dei ikkje kan drifte eller på annan måte vere årsak til fare eller skade.

Merknad til § 4

3. Fortøyning, varp eller spring må ikkje utan løyve plasserast i eller setjast ut i farleia, stenge tilkomst til kaier og areal eller på annan måte hindre ferdsel. Fortøyning må ikkje skje i berande konstruksjonsdel på kai, bygning eller anna innretning.

Merknad til § 4

4. Utan løyve frå Stranda Hamnevesen KF, må ikkje fartøy eller gjenstandar plasserast på kommunen sine hamneanlegg og hamneareal (på land). I sjøområdet må ingen leggje ut faste eller flytande anlegg eller innretningar slik som til dømes flåtar, kioskar, husbåtar, losjiskip, fortøyingsinnretningar, merker, bøyer og liknande, utan etter løyve frå kommunen. Bestemmelsen i dette punktet gjeld ikkje dersom tiltaket er kortvarig og ikkje vil vere til ulempe for ferdsel eller andre brukarar av hamneareala på land og sjøområdet.

Merknad til § 4

5. Når bruk av farvatn kan skape vesentlege hindringar eller ulemper for ålmenta sin ferdsel, skal ein gje melding om denne bruken seinast 24 timar før bruken vert sett i verk. Arrangør eller ansvarleg for regattaer, båtstemner, fritidsbåtsamlingar eller andre arrangement som kan vere til ulempe for nyttetraffikken, skal, så langt det er mogleg, gje melding til kommunen seinast 24 timar før oppstart av arrangementet. Kommunen kan krevje at bruken eller arrangementet ikkje må finne stad utan godkjenning frå kommunen.
6. Det er eit problem at kajakkar og kanoar ikkje alltid er like synlege i fjordlandskapet. Reint prinsipielt ynskjer ein ikkje å regulere krav som allereie finst i Sjøveisreglane. Bekymringa er likevel den store trafikken i området og faren for at alvorlige ulykker kan forekomme.

Vi minner difor om krava til lanterne- og lysføring som fylgjer av forskrift 1. desember 1975 nr. 5 om forebygging av samanstøt på sjø og til Sjøveisregel 25 d (ii) «Et fartøy som blir rodd kan vise de lanternene som er foreskrevet i denne regel for seilfartøy, men hvis det ikke gjør det skal det ha klar for hånden en elektrisk lykt eller en tent lanterne med hvitt lys som skal vises i så god tid at sammenstøt forebygges.»

Med bakgrunn i denne regelen, og med det formålet å førebygge ulykker, vert det stilt krav om at alle kanoar, kajakkar, trøbåtar eller liknande fartøy som oppheld seg i Geirangerfjorden, heile tida skal ha ei tent ei lyskjelde godt synleg, i eller på fartøyet.

Kravet gjeld i området mellom Geiranger kai: LAT:62.06137N – LON:007.12.298E og Hellesylt kai og Hellesylt ferjekai: LAT:62.05.225N – LON:006.52.481E

7. Utan løyve frå kommunen skal ikkje sjøfly lande eller lette innanfor ei rett line trekt mellom Homlong og Lausneset i Geiranger, LAT: 62-27N – LON: 005-59E. Så framti ikkje trafikksituasjonen i farvatnet er slik at det vil vere tryggleiksmessig utilrådeleg, vil kommunen kunne gje slikt løyve.

Merknad til § 4

8. Vi minner om at for lospliktige fartøy gjeld forskrift 7. desember 2004 om tilvising av plass til oppankring og fortøyning i Geirangerfjorden, Møre og Romsdal.

Forskrifta si § 5, hastighetsbegrensning og aktsomhetsplikt syner at; «Høyeste tillatte hastighet i farvannet er 8 knop. Ved seilas og oppankring i farvannet skal alle fartøy utvise spesiell aktsomhet.»

Farvatn er i § 1 definert til farvatnet øst for E 007-10. Det vert stilt krav til at alle fartøy i farvatnet, held ei fartsgrense på 5 knop.

Det vert i tillegg stilt krav til at alle fartøy held ein fart på 2 knop i området ved Seawalk og Geiranger cruiseterminal LAT: 62.06166N – LON: 007.12.235E

9. Når ein etter forskrifta kan eller skal gje melding til kommunen, er Stranda hamnevesen KF rette mottakar. Ein viser til ordensforskrifter på www.stranda-hamnevesen.no, www.kystverket.no, lovdata.no
10. Merknader trer i kraft 1. januar 2015.

